



STORTINGET

Innst. 356 S

(2019–2020)

Innstilling til Stortinget
fra finanskomiteen

Meld. St. 3 (2019–2020)

Innstilling fra finanskomiteen om Statsrekneska- pen 2019

Til Stortinget

Hovedtrekk i statsregnskapet

Innledning

Meldinga omfattar statsrekneskapen med ein løy-
vingsrekneskap og ein kapitalrekneskap. Løyvingsrek-
neskapen syner samla løyving og rekneskap for kvar
post i statsbudsjettet. Under utgiftspostane ser ein òg
overført løyving frå 2018 til 2019 og overført løyving frå
2019 til 2020. Kapitalrekneskapen syner statens egedel-
ar, gjeld og eigenkapital. Meldinga inneheld òg oversyn
over rekneskapen for Svalbard, statens garantiansvar,
tilsegn- og bestillingsfullmakter og oversyn over aksjar
som staten eig.

Det er lagt vekt på å forklare avvik mellom budsjett
og rekneskap for 2019. Budsjettutviklinga gjennom
2019 fram til nysalderinga er nærare omtalt i Prop. 28 S
(2019–2020) Ny saldering av statsbudsjettet 2019.

Virusutbrotet i 2020 vil ha store konsekvensar for
utgiftene og inntektene i statsbudsjettet 2020 og for
overføringa til og frå Statens pensjonsfond. Marknads-
verdien på Statens pensjonsfond, målt i norske kroner,
vert òg monaleg påverka gjennom krisa. Rekneskapen
og denne meldinga speglar statens ut- og innbetalingar
og balanse til og med 31. desember 2019, i tråd med
prinsippa for føring av statsrekneskapen, sjå kapittel 4.4
i meldinga. Hendingar etter balansedagen fram til mel-
dinga vert lagd fram, vert difor ikkje omtalte i statsrek-
neskapen 2019.

Kapittel 1 gjer greie for hovudelementa i statsrekne-
skapen og budsjettpolitikken. Dette omfattar mellom
anna bruken av petroleumsinntekter, veksten i statsut-
giftene og statens skatte- og avgiftsinntekter frå Fast-
lands-Noreg og frå petroleumsverksemda. Lånetransak-
sjonar og finansieringsbehov vert òg omtalte. Kapittel 2
tek føre seg områda til kvart departement for seg. I ka-
pittel 3 er rekneskapen til Statens pensjonsfond omtalt,
og i kapittel 4 er det gjort greie for statens balanse og fi-
nanspostar.

Ein viser til meldinga for nærare omtale.

Komiteens merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeider-
partiet, Fredric Holen Bjørdal, Svein Roald
Hansen, Ingrid Heggø, Eigil Knutsen og
Hadia Tajik, fra Høyre, Elin Rodum
Agdestein, lederen Mudassar Kapur, Anne
Kristine Linnestad, Vetle Wang Soleim og
Aleksander Stokkebø, fra Fremskrittspar-
tiet, Sivert Bjørnstad, Hans Andreas Limi
og Sylvi Listhaug, fra Senterpartiet,
Sigbjørn Gjelsvik og Trygve Slagsvold
Vedum, fra Sosialistisk Venstreparti, Kari
Elisabeth Kaski, fra Venstre, Ola Elvestuen,
fra Kristelig Folkeparti, Tore Storehaug,
fra Miljøpartiet De Grønne, Per Espen
Stoknes, og fra Rødt, Bjørnar Moxnes, tar
meldinga til orientering og viser for øvrig til
Dokument 1 fra Riksrevisjonen, som blir behandlet i
kontroll- og konstitusjonskomiteen.

Komiteens tilråding

Komiteens tilråding fremmes av en samlet komité.

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til stortingsmeldingen og råår Stortinget til å gjøre følgende

vedtak:

Meld. St. 3 (2019–2020) – Statsrekneskapen 2019 – vedlegges protokollen.

Oslo, i finanskomiteen, den 5. juni 2020

Mudassar Kapur

leder og ordfører